

Til medlemmene i  
Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane  
Hovudutval for kultur

Førde, 20.05.2015

### **Nedskjeringar på kulturfeltet i Sogn og Fjordane - Førdefestivalen**

Førdefestivalen har forståing for at fylkespolitikarane står i ein vanskeleg situasjon i høve nedskjeringane som må takast i samband med nytt inntektssystem for fylkeskommunen.

Vi vil trekke fram det gode samarbeidet festivalen har hatt med fylkeskommunen gjennom mange år. Den velvilje og forståing politikarane har vist andsynes festivalen har bidrege til at Førdefestivalen har kunna utvikle seg til det største kulturelle flaggskipet Sogn og Fjordane har, med nasjonalt og internasjonalt gjennomslag, og stor publikumstilstrøyming både frå eige fylke og frå andre kantar av landet.

### **Førdefestivalen som kultur- og knutepunktinstitusjon.**

Etter Sogn og Fjordane Teater er Førdefestivalen den største kunstproduserande institusjonen fylket har. Festivalen har heilårsdrift og 6 fast tilsette med spesialkompetanse innan musikkproduksjon, arrangementsgjennomføring og kommunikasjon/marknadsføring.

Festivalen driv i stor grad med eigenproduksjon av musikk- og dansefram syningar på høgt kunstnarleg nivå. I 2015 står festivalen for 3 store eigenproduksjonar og er samprodusent på ytterlegare 2 produksjonar. Her får utøvarar frå vårt eige fylke høve til profilere seg saman med internasjonale artistar på toppnivå. Dei store konsertproduksjonane i Idrettshallen blir omtalt som høgprofesjonelle både kunstnarleg og arrangementsmessig også sett i eit internasjonalt perspektiv.

Under festivalen har vi konserttilbod til publikum i 6 kommunar på 30 ulike arenaer, og gjennomfører rundt 90 store og små festivalarrangement. Festivalen hadde 28000 besøkande i 2015.

Førdefestivalen er ein av Norges knutepunktfestivalar, den einaste innan folk-/verdsmusikk. Festivalen vart grundig evaluert av Kulturdepartementet i 2014. Fylkeskommunen bidrog òg i evalueringa. Både departementet og fylkeskommunen ga festivalen ei svært god evaluering, og fylkeskommunen gav klart uttrykk for at festivalen må halde fram som knutepunktfestival.


### **Heilårsverksemd**

Festivalen har heilårsleg verksemd, og arrangerer konsertar (FolkJazzScena), kurs og seminar mange stader i fylket gjennom året. Det største arrangementet utanom sjølve festivalen, er Bornas Verdsdagar Førde, ein eindagsfestival med konsertar og verkstader særskilt retta mot barn, unge og familiane deira. I 2015 besøkte 2800 arrangementet. Eit 20-tals samarbeidspartar er involvert i dette arrangementet, som er eitt av festivalen sine mange lågterskeltilbod retta mot born, familiar og innvandrarsegmentet.

### **Økonomi og ringverknader for næringslivet.**

Av festivalen si omsetning på rundt 16 mill. kroner, vert om lag 70% brukt til kjøp av varer og tenester i eige fylke. I tillegg kjem omsetninga generert gjennom det festivalpublikum legg att. Det er slik ingen tvil om at festivalen også resulterer i auka omsetning for det lokale og regionale næringslivet.

Festivalen engasjerer rundt 350 frivillige som legg ned mange tusen arbeidstimar for festivalen kvart år. Festivalen støttar også det frivillige kulturlivet gjennom godtgjering for dugnadsarbeid, noko som er viktige bidrag til deira arbeid.



**Førdefestivalen som merkevare for fylket.**

Førdefestivalen er ei sterk merkevare for Sogn og Fjordane. Festivalen vert kvart år dekkja av både riksaviser, NRK sentralt og av utanlandsk media. I 2015 var festivalen på 10 på topp-lista til *the Guardian*, ei av verdas største aviser, i oversikten over dei beste småbyfestivalane i Europa, som einaste norske festival på lista.

I vår var det oppslag om festivalen og regionen over 9 sider i det internasjonale reiselivsmagasinet Bell'Europa, som har 756.000 lesarar. Aftenposten dekkja festivalen med til saman rundt 5 sider redaksjonelt stoff.

I år kjem ei gruppe musikkinteresserte turistar heilt frå Kina for å oppleve festivalen.

Også i år vil NRK fjernsynet gjere opptak av festivalen sin opningskonsert. I år vil denne bli sendt på NRK 1 laurdag 4. juli, i beste sendetid, med forventa sjåartal på 4-500.000.

**Nedskjeringar får store konsekvensar.**

I fylkeskulturutvalet sitt framlegg er det lagt opp til kutt på kapitlet «Kunstproduksjon», som omfattar Førdefestivalen, Sogn og Fjordane Teater, Opera Nordfjord og Norsk Countrytreff, med ei nedskjering på 1 mill. kr frå 2017. (Ref. protokoll frå møte i fagleg utval for kultur 13. mai.)

Desse fire kulturinstitusjonane har alle status som knutepunktinstitusjonar med nasjonal interesse, som staten meiner det er verdt å satse på. Dette inneber at staten er med på finansiering av desse institusjonane etter ein bestemt fordelingsnøkkel.

Ei nedskjering frå fylkeskommunen si side vil i verste fall føre til ei reell nedskjering på langt over det dobbelte for desse institusjonane, dersom den statlege støtta også vil bli redusert. Dette vil igjen få store konsekvensar både for institusjonane sjølve i høve produksjon og arbeidsplassar, for tilbodet til publikum og for næringslivet i fylket vårt.

**Primært meiner vi difor at fylkeskommunen bør skjerme kutt i kulturinstitusjonane som har statleg medfinansiering.**

**Gjennom knutepunktinstitusjonane har vi vist at vi kan skape kvalitet i kunstproduksjon på eit nasjonalt og internasjonalt nivå i fylket vårt, og ha stor attraktivitet for det vi produserer. Dette i eit fylke som ofte får på seg eit negativt fokus. Vi meiner det er avgjerande for fylket å satse vidare på det beste vi har, og at ein vågar å løfte fram og vidareutvikle dei suksessane vi saman har greidd å bygge opp.**

**Om ein likevel vel å kutte også på knutepunktinstitusjonane, forventar vi at byrden vert rimeleg fordelt mellom institusjonane.**

Med helsing

Kristin Hille Valla (s)  
styreleiar



Hilde Bjørkum  
direktør

